



Direktoratet for byggkvalitet

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
	22/110-145 /KRIBON/23/915	FE-000, TI-&13	12.01.2023

Uttale til endring i byggt teknisk forskrift

Me syner til høyringsbrev og høyringsnotat datert 22. november 2022, med høyringsfrist 13.januar 2023.

Ullensvang kommune takkar for at endringar av TEK17 vert prioritert av KDD. Avgrensingane som forskrifta i dag gjev Ullensvang kommune er dramatiske. Me er såleis heilt avhengig av å finne forsvarlege, men utviklingsretta løysingar i tråd med eit oppdatert regelverk.

Kort om situasjonen i Sørfjorden med dagens forskrift

I mars 2022 overleverte NVE aktsomheitskart for flodbølge for Sørfjorden i Hardanger. NVE er tydelege på at aktsomheitskartet kan bli endra og nedskalert når meir informasjon føreligg om bevegelsane i fjellet.

Aktsomheitskartet har fått enorme konsekvensar. Ei rekkje livskraftige samfunn i utvikling, samt industriinvesteringar av nasjonal betydning, er kasta ut i uvisse og i ein del tilfelle stoppa.

I skrivande stund er følgjande utviklingsprosjekt berørt, utsatt eller stoppa;

- Samla investeringar i industri og næringsliv på minst 15 mrd.
- Ei rekkje serverings- og handelsetableringar.
- Fem større bustadprosjekt.
- Brannstasjon
- Barnehage med seks avdelingar

Ullensvang kommune sin grunnleggande merknad

Me syner til vårt høyringsbrev av 17.08.22, sendt til dykk ved førre endring av TEK17 §7-4. Prinsipielt meiner Ullensvang kommune at det er persontryggleik som må vere ivareteke for å kunne tillate utbygging i fareområder med overvaking og varsling. Kommunen vurderer difor at bokstav a under ny § 7-4 første og andre ledd bør fjernast. Desse vilkåra gjeld ikkje persontryggleik.



Konkret merknad - 1. og 2. ledd

Oppsummert seier forslaget til ny § 7-4 at ein kan etablere S3-tiltak i flodbølgjeutsette område, dersom følgjande vilkår er stetta:

- Personikkerheita er teke i vare gjennom eit forsvarleg beredskapssystem.
- Det er utgreia og sannsynleggjort at det ikkje er alternative, sikre byggeareal.
- Det er utgreia og sannsynleggjort at utbygging er av avgjerande samfunnsmessig betydning.
- Det er avklart i arealplanprosess.

Ullensvang kommune vurderer vilkåra på følgjande måte:

Forsvarleg beredskapssystem

Ullensvang kommune er samd i at dette vilkåret må setjast. Som kjent er fjellskred ein type naturprosessar som går over lang tid. Ved måling, periodisk eller kontinuerleg, kan NVE ha god kontroll over utviklinga. All den tid Odda og fleire bygder allereie er etablert i ei slik aktsomheitssone, må fokuset vere på eventuell evakuering dersom ein skulle nærme seg ein kritisk situasjon.

Alternative, sikre byggeareal

Ullensvang kommune kan skjønne kvifor eit slikt vilkår er foreslått. Mange naturfarar er moglege å unngå ved god planlegging. I dei fleste tilfelle eksisterer det brukbare, alternative areal. I Sørfjorden, og liknande fjordar, er situasjon likevel annleis i høve flodbølgje. Omlag 10.000 av kommunen sine 11.000 innbyggjarar er busett kloss i fjorden og tettstadane er etablert innanfor aktsomheitssona. Frå fjorden stig fjella rett opp i 1000-1400 meters høgde. Alternative, byggbare areal ligg difor i svært stor avstand til bygdene og byen som er etablert. S3-tiltak vil i all hovudsak vere aktuelle i bygdene/byen. Me meiner såleis at vilkåret gjev lite meining når situasjonen er slik den er i Sørfjorden. Me ser samstundes at det kan vere praktisk anvendbart i område med meir tilgjengeleg byggeland, og såleis fleire alternative plasseringar.

Me vil i alle høve be om at den praktiske anvendelsen av vilkåret vert skildra meir inngåande i høyringsnotatet. Konkret vil me peike på at regionsenteret i Hardanger ligg innanfor aktsomheitsområdet. Funksjonar knytt til regionsenteret vil i teorien kunne etablerast til fjells eller til mindre bygder, men dette er av naturlege årsaker ikkje aktuelt. For oss er det ikkje openbart korleis ein skal måtte vurdere slike saker ut frå høyringsnotatet, slik det ligg no.

Avgjerande samfunnsmessig betydning

Ullensvang kommune har forståing for at det må leggjast til grunn ei samfunnsmessig vurdering av bygging i aktsomheitsområde. I høyringsnotatet vert det synt til at det er konsekvensane for busetting, sysselsetting, verdiskaping og offentlege funksjonar i kommunen som er relevant. Dette er me samde i. Samstundes syner notatet til eksempel som beredskapsinstutisjonar og hjørnesteinsbedrifter som relevante. Ullensvang legg til grunn at ein kan vurderer at òg bustadprosjekter og mindre bedrifter kan ha store positive konsekvenser for mindre lokalsamfunn. Me ber om at slike eksempel vert nærmare drøfta i høyringsnotatet.

Avklart i arealplanprosess

KDD er i høringa tydelege på at vurderingane kommunen gjer må komme til kjenne gjennom planprosessar, som gjev grunnlag for medverknad og eventuell sanksjonering frå andre mynde. Me er likevel undrandre til at ein berre kan gjennomføre mindre planendringar i område der sannsynlegheita er vurdert til å vere 1/5000 eller lågare. Etter vårt skjønn vil ei mindre planendring kunne gi samme føreseielegheit og utgreiingsplikt som ved ein ny arealplan.

Konkret merknad - 3. ledd

Mindre tilbygging, påbygging eller underbygging av eksisterende byggverk kan tillates uten krav om plan og dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19, så fremt utvidelsen ikke medfører økt fare for skade på liv og helse.

Ullensvang kommune meiner at det bør opnast for bruksendringar gjennom 3. ledd. Så lenge bruksendringa ikkje medfører auka fare for skade på liv og helse bør dette vere uproblematisk. Slik forskrifta er forslått no vil det føre til unødig vanskeleg og tidkrevjande saksgang gjennom planendringar for eksisterande bygg.

Oppsummering

Ullensvang kommune meiner at forslaget til ny §7-4 fortsatt er unødig byråkratisk. Me meiner at det er personsikkerheita som må takast i vare i desse spesielle aktsomheisområda. Paragrafen kan difor forenklast ytterlegare.

Dersom høyringsforslaget vert vedteke ber me om at den praktiske anvendinga av vilkåra vert skildra meir inngåande i høyringsnotatet eller påfølgjande rundskriv.

med venleg helsing

Roald Aga Haug
ordførar

Kristian Bondhus-Jensen
kommunalsjef

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Kopi til:

Ole-Jørgen Jondahl rådmann

Randi Karin Habbestad

Stig Hope

Trygve Vik verksemdleiar

5610 ØYSTESE